



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/917 - 15/7029

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
25.03.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon, eittrinnsøknad for oppføring av einebustad gbnr 123/95, Risa

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.03.15.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan – Rissundet/1263-28091977. Arealet er avsett til bustadføre mål. Vi finn at omsøkt hustype er i samsvar med tolkning av pkt. 2.3 jf. handsaming i Plan- og miljøutvalet – 17.09.2008 (utvalssak nr. 183/08).

Med omsyn til pkt. 2.11 – krav om eit lengdesnitt og eit tversnitt som viser ny bustad og eksisterande nabohus/nabotom, so er ikkje dett dokumentert ved søknad.

Nabovarsel

Ved gjennomgang av søknad kjem det fram at gjenbuar på eigedom gbnr. 123/124, 127 ikkje er varsla om tiltaket. Nemnde må varslast før saka kan ferdighandsamast.

Situasjonsplan

Det er på situasjonsplan synt svakt omriss av fremtidig garasje på 7x7 meter, vi gjer merksam på at vist plassering vil krevje privatrettsleg avtale. Vi ber om at det på situasjonsplan vert synt parkeringsløyseing for bustaden.

Bod

Det er på planteikning synt bod på 5,1 m² i tilknytning til vindfang. Det er i bod plassert VV-tank og div tekniske fastmonterte tekniske installasjonar som reduserer sjølve lagringsarealet i boden. Vi har i tilsvarende tilfellet bedt DIBK om tolkningshjelp og fått følgjande attendemelding:

«... dersom man plasserer tekniske installasjoner inn i bodareal skal bodarealet økes tilsvarende det arealet installasjonen opptar - det vil si at om en varmtvannsbereder opptar 0,5 m² så skal bodens areal økes tilsvarende.»

Mottakskontroll



Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Heimelshavar av eigedom gbnr. 123/124 og 127, gjenbuar, må varslast om tiltaket. Nemnde er gjenbuar i høve tiltaket og er ikkje varsla. Gjenbuareigedom er eigedom der veg, gate, elv eller anna areal ligg i mellom jf. <http://dibk.no/no/Tema/Soknader/Soknader-veiledningsstoff/Nabovarsel/>.
2. Vi ber om at det vert levert lengdesnitt og tversnitt av eigedomen og naboeigedom/busetnad, jf. pkt 2.11 i reguleringsføresegn til planområdet. Snitta skal syne planlagt terreng, eksisterande terreng, samt ny og eksisterande busetnad.
3. Vi ber om dykkar vurdering av den omsøkte terrenghevinga på eigedomen, jf. pbl § 29-4, 1.ledd, 1.punktum.
4. Vi ber om oppdatert situasjonsplan der det er påført parkeringsplassar (minst 2 plassar).
5. Vi ber om at det vert dokumentert at sportsbod på hovudplan settar kravet til minst 5 m², jf. TEK10 § 12-10, der areal avsett til fastmonterte tekniske installasjonar er trekt frå. Dette vert å rekne som dokumenttilsyn i byggesak jf. pbl § 25-2, jf. SAK10 § 1-3.

Lista er ikkje uttømmende og vi ber dykk gå gjennom søknaden på nytt før innsending.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 06.05.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jan Åge Kolås

Storhaugen 14 D

5955

LINDÅS

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154

5914

ISDALSTØ